



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne  
Telefon: 57643140  
E-post: fmsfghe@fylkesmannen.no

Vår dato  
19.05.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/2593 - 542.1  
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

**Brevet vert berre sendt elektronisk.**

## Steinvik Settefisk AS - fråsegn til søknad på lok. Breivika V i Bremanger kommune

---

**Fylkesmannen vurderer at utsleppsløyvet av 21.6.2007 med vilkår gjeld inntil vidare. Fristen for reinsing av utsleppa til sjø vert utsett inntil vidare, på vilkår av låg produksjon (under 20 tonn per år) i anlegget. Fylkesmannen har ikkje kjennskap til tilhøve som gjev grunn til fråråding.**

---

Vi viser til søknad frå Breivika Eigedom AS dagsett 17.6.2013, oversendt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 18.6.2013 og seinare overtatt av Steinvik Settefisk AS den 27.11.2013. Søknaden er undervegs komplettert med kommunal uttale, endring til også å gjelde stamfisk av rognkjeks, og miljøgransking og informasjon om utsleppsleidning motteken 8.4.2014.

### Bakgrunn

Fylkesmannen har 21.6.2007 gitt løyve etter ureiningslova for produksjon av inntil 50 tonn (10 mill. a 5 g) yngel av torsk på lokaliteten Breivika V i Bremanger kommune. Løyvet vart gitt med vilkår om m.a. miljøovervaking kvart 5. år og reinsing av utsleppa til sjø.

### Om søknaden

Søknaden gjeld hald av 300 stk. stamfisk og produksjon av inntil 10 mill. yngel og settefisk av rognkjeks/berggyllt i eksisterande landanlegg på lokaliteten Breivika V. Stipulert årleg fôrforbruk for den samla fiskemengda er oppgitt til om lag 50 tonn. Søknaden medfører ikkje vesentlege endringar i bygningsmasse eller arealbruk. Det er ikkje planlagt reinsing av utsleppa til sjø. Resultat av miljøgransking av MOMB-type er vedlagt søknaden.

Søknaden har vore lagt til offentleg ettersyn, og det har ikkje kome inn merknader. Bremanger kommune ved Formannskapet har i si fråsegn 5.9.2013 tilrådd søknaden med føresetnad om *at produksjonen vert driven på ein miljømessig forsvarleg måte, i samsvar med krav frå fagmynde.*

### Fylkesmannen si vurdering av utslepp frå anlegget

Utsleppsløyvet er av eldre dato, og er modent for oppdatering, jf. ureiningslova § 18. Det ville då vere naturleg å endre ordlyd og utforming i tråd med nyare løyve gitt til andre settefiskanlegg i fylket. Krav om reinsing av utsleppa til sjø og til miljøovervaking ville i så måte ha blitt utdjupa og vidareført. Fylkesmannen har pga. ressursituasjonen likevel valt å vente med denne oppdateringa til eit seinare tidspunkt, m.a. vil det vere naturleg og sjå på dette parallelt med løyvebehandling av søknaden om anlegg for settefiskproduksjon og påvekst av laksefisk på lokaliteten Breivika like aust for rognkjeksanlegget på Breivika V.

Miljøgranskinga som er gjort på lokaliteten (Sub Aqua Tech, 2014) har måledata frå tett ved land og utover i området der utsleppa går ut i sjø. Undersøkinga er gjort etter om lag fem år

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

utan produksjon i anlegget, og det er ikkje noko i dag som tyder på lokal påverknad frå tidlegare akvakulturdrift. Tidlegare undersøkingar har også funne tilfredsstillande miljøtilhøve i Breivika (Fjord-Lab, 2006), mens det har vore noko redusert miljøtilstand i djupområda i fjorden pga samla utslepp frå industri, kommunalt avløp og akvakultur (Det Norske Veritas, 2003). Jamleg miljøovervaking er eit vilkår til det gjeldande løyvet, som må gjennomførast minst kvart femte år. Det vil vere naturleg å samkøyre undersøkingar ved Breivika V og Breivika.

Vilkåra til løyvet krev reinsing av utsleppa frå produksjonen, noko som ikkje er på plass i anlegget per i dag. Det har under saksbehandlinga av søknaden kome fram at søkjar ser føre seg ei gradvis oppbygging av produksjonen, og at omsøkt ramme kan ta lang tid å komme opp i. Det er ønskje om utsett frist eller fråfall av reinsekrava.

Ut frå miljøgranskingane som er gjort er det ikkje noko som tyder på at ureinsa utslepp, frå ein låg produksjon, i eit avgrensa tidsrom, vil ha vesentleg negativ verknad for miljøet.

**Fylkesmannen si vurdering er at Steinvik Settefisk AS sin omsøkte produksjon kan skje innanfor gjeldande utsleppsløyve av 21.7.2007 på lokaliteten Breivika V (gitt til Bremar Yngel AS). Dersom produksjonen i anlegget ikkje kjem over 20 tonn per år, kan verksemda avvente oppfyljing av vilkår 2 mht. reinsing av utsleppa til sjø inntil vidare.** Ved eventuelt høgare produksjon må vilkåret oppfyllast. Nytt løyve med oppdaterte vilkår vil bli utarbeidd når det totale omfanget av akvakultur og utslepp i Breivika vert betre klarlagt.

### Vurdering av andre tilhøve

I akvakultursaker skal Fylkesmannen gje fråsegn mht. om søknader kan komme i konflikt med forhold knytt til våre sektoransvar om natur-, miljø- og friluftslivsinteresser. Det har ikkje kome inn merknader frå ålmenta som tyder på større konflikhtar i dag, og ettersom det ikkje blir ytre endringar på anlegget, vurderer vi at søknaden ikkje medfører nemnande auke i konfliktnivå.

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til forhold som gjev grunn til fråråding av søknaden.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Gunn Helen Henne  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

1. Utsleppsløyvet frå 2007

Kopi på e-post/EDU:

Steinvik Settefisk AS  
Mattilsynet, DK for Nordfjord  
Fiskeridirektoratet, Region vest  
Bremanger kommune



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf  
Gunn Helen Henne – 57 65 51 37  
E-post: ghe@fmsf.no

Vår dato  
21.06.2007  
Dykkar dato

Vår referanse  
2004/4701 - 542.1  
Dykkar referanse

Bremar Yngel AS  
Postboks 9  
6731 Davik

## Bremar Yngel AS - løyve til utslepp frå yngelanlegg for torsk på lokaliteten Breivika i Bremanger kommune

Vi viser til søknad dagsett 7.2.2007, oversendt frå Fiskeridirektoratet Region Vest 8.3.2007. Det blir søkt om utsleppsløyve for produksjon av yngel av torsk, med ein årsproduksjon på inntil 10 millionar yngel med storleik inntil 5 gram på lokaliteten Breivika i Bremanger kommune.

Bremanger kommune har i følgje Fiskeridirektoratet ingen merknader til søknaden.

### Vedtak

Med heimel i § 11, jf. § 16 i i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr. 6, gjev Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Bremar Yngel AS (org.nr. 990 518 998), løyve på nærare vilkår til utslepp til luft og vatn frå eit anlegg for oppdrett av yngel av torsk ved:

Lokalitet og kommune	Storleik, årsproduksjon og type	Art (ar)	Kartreferanse anlegg UTM (EUREF89)	Kartreferanse utsleppspunkt UTM (EUREF89)
Breivika i Bremanger	50 tonn/ 10 millionar stk, landbasert	Torsk	1118-1 (32V) 303000 6853450	
For fylkesmannen:			REGINE (vassdragsnummer): 086.211 Kystzone: 02.82.01.04.00	

**J. Løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagte vilkår vert følgde.** Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" blir returnert hit så snart som råd.

Vi gjer merksam på at løyvet først tek til å gjelde dersom anlegget får løyve etter akvakulturlova. Gjenpart av dette løyveskrivet blir difor send til regionkontoret ved fiskeridirektoratet.

Fylkesmannen har tidlegare gjeve utsleppsløyve for settefiskproduksjon av inntil 240 tonn/ 2,4 millionar torsk årleg i Breivika, dette løyvet for yngelproduksjon gjeld i tillegg til settefiskløyvet.

### Orientering om tidsfristar for nokre tiltak (jf. vilkåra):

Tiltak	Tidsfrist	Tilvising til vilkår
Sende utfylt ansvarskjema i retur	Straks endeleg avgjerd er teke av Fiskeridirektoratet	1
Etablere reinseanlegg	Innan 1.7.2010	2
Resipientgransking	Minst kvart 5. år	3

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

## Miljøfagleg uttale

I oppdrettssaker skal fylkesmannen vurdere miljøkonfliktar ved ei ev. etablering i høve til akvakulturlova §§ 10, 15 og 16, og gje føringar for regionkontoret til fiskeridirektoratet si avgjerd i høve til desse reglane. Fylkesmannen har i brev dagsett 3.4.2001 til Fiskeridirektoratet Region Sogn og Fjordane (no Region Vest) vurdert etableringa av eit landbasert anlegg for marin fisk i Breivika til ikkje å vere i konflikt med naturvern-, friluftsliv-, vilt- og lakse- og innlandsfiskeinteresser på regionalt nivå. Vi har ikkje nye opplysningar som gjev grunn til å endre på den tidlegare vurderinga i samband med denne søknaden.

## Bakgrunn for saka

Bremar Yngel AS har søkt om å få etablere yngelproduksjon av torsk på lokaliteten Breivika i Bremanger. Det er planlagt å produsere 10 millionar yngel med storleik inntil ca 5 g. Det er frå før etablert eit settefiskanlegg for torsk i Breivika, og yngelen som skal produserast i det omsøkte anlegget skal inngå i drifta i settefiskanlegget.

Fylkesmannen har nedanfor vurdert om ureiningslova gjev høve til omsøkt etablering, og kva slags vilkår for drifta som er nødvendig i høve til denne lova.

## Grunngjeving for avgjerda

Utsleppsløyvet regulerer i hovudsak utslepp av organisk stoff og næringsstoffa nitrogen og fosfor, kjemikaliebruk, avfallshandtering og støy. Isolert sett er slike utslepp uønskte for resipient og nabolag. Løyvet er difor gjeve med ei rekkje vilkår for å halde utsleppa på akseptable nivå.

Utsleppsløyvet set grenser i høve til både mengd årleg produksjon i biomasse og tal individ. Tal individ vil i høve til ureiningslova ha mindre å seie for utsleppstilhøva enn produksjonsmengda i tonn. Begge tala vert likevel nytta her. Vekt på produsert fisk, saman med førmengd, er dei viktigaste faktorane som seier noko om venta påverknad på resipienten.

Produksjonsramma på 50 tonn biomasse/ 10 millionar stk. yngel skal tolkast slik: Talet på fisk er yngel med storleik på inntil 5 gram. Årleg produksjon er då rekna til maksimalt 50 tonn biomasse. Dersom det er ønskje om å produsere fisk av mindre/ større storleik, kan dette takast ut som eit høgare/ lågare tal yngel, men produksjonen må haldast innanfor ramma på til saman 50 tonn årleg. Ved endringar ut over dette må det søkjast om nytt utsleppsløyve.

Det er i samband med tidlegare settefisksøknad utarbeidd ein rapport som oppsummerer data og utviklingstendensen for miljøtilstanden i området, basert på den heilheitlege belastninga av resipienten (Fjord-Lab, 2006). Dei største kjeldene for påverknad er rekna å vere Elkem sitt smelteverk i Svelgen, kommunalt avløp og settefiskanlegget. Historisk har tilstanden fleire stader vore til dels svært dårleg på grunn av store samla utslepp, men dei siste rapportane kan tyde på ei viss betring i miljøtilstanden dei seinare åra. Likevel er tilstanden i resipienten framleis svært dårleg (tilstandsklasse V etter SFT sitt klassifiseringssystem) når det gjeld mengda organisk innhald (målt som TOC) i sedimenta i djupområda i Breivika, men er noko betre for tilstanden i botnfaunaen (tilstandsklasse III, Det Norske Veritas, 2003).

Botnsedimentet i Breivika er undersøkt ved to stasjonar i 2006 (Fjord-Lab). Den eine er lokalisert nær ved settefiskanlegget sitt avløp, og den andre ved settefiskanlegget sitt sjøvassinntak. Begge stasjonane er relativt grunne, 13 og 40 meter, medan djupna i resipienten aukar utover til 134 meter vest for Rise-Langenes. Sjølve Breivika har aukande djupne opptil 80-90 meter. Prøvane er såleis ikkje nødvendigvis dekkjande for sedimenteringsområdet i resipienten. Resultata viser ein rik fauna (tilstandsklasse I) på begge stasjonar, og relativt lågt innhald av organisk materiale rekna som glødetap (4-7 %).

Indre delar av Nordgulen er ein historisk hardt belasta resipient med påverknad frå fleire kjelder, men viser no teikn til betring i miljøtilstanden. Yngelfiskanlegget ved Breivika vil ha utslepp av avløpsvatn på 30 meters djup. I søknaden er det oppgjeve at utsleppa frå yngelanlegget skal reinsast før utslepp til sjø. Fylkesmannen reknar med at omsøkt yngelproduksjon ved Breivika kan etablerast utan uakseptable konsekvensar for miljøet i resipienten, dersom utsleppa vert handsama forsvarleg. I vilkåra til løyvet er det sett krav om reinsing av avløpsvatnet i samsvar med "beste tilgjengelege teknikkar" (BAT) for fiskeoppdrett. Reinseeffekten må dokumenterast ved jamlege målingar før og etter reinsing.

Det er også sett krav om oppfølgjande resipientgranskningar minst kvart femte år, og krav til miljøtilstanden i resipienten. Det vil seie at verksemda må etablere eit program som vedvarande dokumenterer at utsleppet vil vere forsvarleg, både i høve til djupvatn, sediment og botnfauna i resipienten, og overflatelag og stranda nær anlegget. Tilstanden både i nærområdet til utsleppspunktet og i sedimenteringsområda i resipienten skal følgjast opp. Granskningane skal vere tilpassa utsleppa verksemda har, og ein bør samarbeide og koordinere granskningane med andre som har utslepp til same område. Resultatet av analysane kan føre til at verksemda utan særskilt pålegg frå ureiningsstyresmakta pliktar å tilpasse drifta til resipientkapasiteten ved t.d. redusert drift.

I vilkåra er det sett krav om at ein berre kan nytte mjukfôr eller tørrfôr. Definisjonane på desse fôrtypane er:

Mjukfôr/pellets: *Oppmalt fisk/avfall, tilsett så mykje bindemiddel at den kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing. Som hovudregel skal tørrstoffinnhaldet i mjukfôr vere > 50 %.* Nye fôrtypar med lågare tørrstoffinnhald, men som kan dokumentere tilsvarende gode eigenskapar i høve til oppløysing i vatn og ureining skal også kunne nyttast innanfor definisjonen mjukfôr.

Tørrfôr: *Tørrstoffinnhald > 90 %.*

Avfall skal handterast på forsvarleg måte slik at det ikkje oppstår fare for ureining eller kan verke skjemmande. Tvilsspørsmål må takast opp med fylkesmannen. Nedgraving eller brenning av avfall er ikkje tillate utan skriftleg løyve frå ureiningsstyresmakta.

Løyvet omfattar ikkje slakting, sløying eller pakking av fisk.

Det er verksemda sitt ansvar å halde seg oppdatert på dei kjemikalia som blir definert som miljøskadelege i samsvar med forskrifta om farlige kjemikaliar, jf. «forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)».

.....

Dersom auka produksjon blir vurdert, må ein søkje fylkesmannen om utvida utsleppsløyve før ny produksjon evt. kan starte opp.

## **Avsluttande reglar og informasjon**

### **A) Endring, attendekalling av løyvet eller opphøyr av produksjon**

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet kan føre til revurdering av løyvet, evt. at anlegget blir kravd flytta.

Dersom anlegget ikkje er etablert i samsvar med dette løyvet innan 2 år (jf. vilkår 3.7), skal fylkesmannen ha melding. Vi vil avgjere om produksjonen kan starte som opphavleg gitt løyve til, om det må søkjast på nytt eller om det er behov for endra vilkår før produksjonen kan starte.

### B) Tilsyn og ansvar

Dersom de har tilgang til internett, finn de oversikt over aktuelle lover og forskrifter ved: <http://www.sft.no/>. Aktuelle lover og forskrifter som gjeld ureining og avfall kan De også tinge hos Statens forurensningstilsyn, p.b. 8100 Dep., 0030 Oslo. Ureiningslova ligg i fulltekst på: <http://www.lovdatab.no/all/hl-19810313-006.html>.

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for å kunne føre tilsyn etter §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Vedkomande som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget blir halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet og vilkåra i løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Dette løyvet fritar ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø-, fiskeri- og veterinærlovgivinga. Merk at Kystverket må godkjenne installasjonar i sjø og kan setje krav til merking.

Alle verksemdar som sysselset arbeidstakar, er pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik blir følgd (jf. § 52 b i ureiningslova, og "Internkontrollforskrifta"). Fylkesmannen vil spesielt streke under plikta til å etablere og drive eit system som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

### C) Konsekvensar ved brot på løyvet eller vilkår for løyvet

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til staten for å sikre at tiltak og vilkår blir gjennomførde i samsvar med løyveskrivet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje blir råka av strengare strafferammer.

### D) Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda blei mottatt. NB! Denne 3-vekers fristen tek først til å gjelde etter at avgjerd frå fiskeridirektoratet sitt regionkontor er motteke. Eventuell klage bør grunnjevast og må rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje eller sende han til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvern sjef

Gunn Helen Henne  
førstekonsulent

Vedlegg:

1. Vilkår
2. Orientering (utfylt skjema skal sendast i retur til fylkesmannen)

Kopi m/vedlegg 1:

Fiskeridirektoratet Region Vest (e-post: [postmottak.maloy@fiskeridir.no](mailto:postmottak.maloy@fiskeridir.no) )

Mattilsynet for Nordfjord (e-post: [postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no) )

Bremanger kommune (e-post: [post@bremanger.kommune.no](mailto:post@bremanger.kommune.no) )

## Vilkår for løyve til utslepp frå yngelanlegg for torsk ved Breivika i Bremanger kommune

### 0 Innleiing

Føremålet med vilkåra til dette utsleppsløyvet er å mest mogeleg hindre, minimalisere og førebyggje skader og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land.

Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

### 1 Ansvar

Anlegget skal ha ein stadleg representant som er ansvarleg i høve til krav i dette løyve og generelle krav i høve til ureiningslova med forskrifter. Vedkomande skal ha god kunnskap om hovudprinsipp i ureiningslova, viktige krav og alle relevante forskrifter. Vedkomande må kjenne godt til innhaldet i Forskrift om systematisk helse-, miljø, og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) av 6.12.1996 og syte for overvaking og vedlikehald av internkontroll når det gjeld det ytre miljøet.

- ./ Den ansvarlege for løyvet skal før ny eller endra produksjon blir starta opp, returnere utfylt ansvarsskjema (jf. neste vedlegg) til fylkesmannen. Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til fylkesmannen ved innsending av nytt skjema eller på e-post: [post@fmsf.no](mailto:post@fmsf.no). Skjemaet ligg også ute på våre nettsider [www.fmsf.no](http://www.fmsf.no), under menyen skjema.

### 2 Anlegg

**2.1 Beste tilgjengelege teknikkar (BAT).** Anlegget skal nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar, jf. Nordisk Ministerråd sin rapport TemaNord 2005:528, *Beste tilgjengelige teknikker for fiskeoppdrett i Norden* (2005), eller seinare publikasjonar.

**2.2 Reinseanlegg.** Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet reinsast mekanisk gjennom eit primærreinseanlegg, dvs. at avløpsvatnet skal reinsast i silanlegg, mekanisk sedimenteringsanlegg eller anna type reinseanlegg som reduserer innhaldet av organisk materiale med minst 20 %, og innhaldet av suspendert stoff (SS) med minst 50 %.

Kravet om reinsing skal vere oppfylt innan 1.7.2010.

**2.3 Overløpsvatn.** Overløpsvatn eller anna vatn som kan føre fisk må leiast gjennom sil eller anna hinder, slik at fisk ikkje kan sleppe unna.

**2.4 Utsleppsstad.** Avløpsvatnet skal førast til resipienten på ei djupne som sikrar at det vesentlege av avløpsvatnet til vanleg ikkje når overflata om sommaren.

Utsleppsstaden må veljast slik at ureina vatn ikkje vert ført attende til strandsona.

**2.5 Kontroll med utsleppet.** Reinseanlegget skal ha nødvendig utstyr for måling av avløpsmengde, og for å gjennomføre den kontrollen som det er sett krav om. Utsleppskontrollen ved reinseanlegget skal utførast i samsvar med oppsett i tabellen under.

Parameter	Prøvepunkt	Prøver pr. år
Suspendert stoff (SS)	Innløp. Utløp	12 (1 – 3 døgn blandprøve)
Organisk materiale	Innløp. Utløp	4 (1 – 3 døgn blandprøve)



Prøvetakinga skal skje etter rettleiing frå laboratorium som er akkreditert av Norsk Akkreditering. Analysane skal utførast på laboratorium som er akkreditert for slike analysar av Norsk Akkreditering eller tilsvarande.

### **3 Miljøtilstand i resipienten**

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere ved eller i nærsona til utsleppsstaden for avløpsvatnet.

I sedimenteringsområda i resipienten skal tilstandsklassa ikkje vere dårlegare enn tilstandsklasse III (jf. SFT-veiledning 97:03) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og miljøtilstanden skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa.

Med jamne mellomrom, men minst kvart 5. år, må tilstanden i resipienten (nærområdet, overflatevatnet i influensområdet og djupvatnet, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde) kartleggjast og klassifiserast etter nasjonale standardar. Omfanget av granskingane må utvidast som følgje av krav i dette løyvet eller etter særskild vedtak av fylkesmannen. Granskingane bør inkludere hydrografiske målingar og ei enkel strandsone-synfaring. Rapporteringa skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise utvikling sidan siste gransking.

Verksemda pliktar å koste eller delta i granskingar som fylkesmannen finn nødvendig for å kartlegge ureiningseffekt i resipienten (jf. § 51 i ureiningslova). Verksemda kan òg etter pålegg frå fylkesmannen måtte betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i området der anlegget er plassert.

### **4 Drift og driftsrutinar**

Verksemda pliktar å føre jamnleg kontroll med reinseanlegg, føeringsutstyr, m.m. slik at det kan drivast mest mogeleg effektivt. Verksemda må m.a. drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservedelslager av dei mest utsette komponentar, jf. elles krav i internkontrollforskrifta.

**4.1 Fôr.** Ved føring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Førfaktor bør ikkje bli vesentleg høgare enn 1,0. Det er berre tillate å bruke tørrfôr eller mjukfôr.

**4.2 Lukt.** Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

**4.3 Støyavgrensing.** Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Aktivitetar på anlegget som kan medføre støy ved naboar (immisjonsstøy) er avgrensa på følgjande måte:

Immisjonsstad	Støynivå ved mest støyutsett fasade	Støynivå ved mest støyutsett fasade, for søn-/helligdag (kl 07-23)	Støynivå ved fasade utanfor rom for støyfølsam bruk (kl 23-07)	Maksimalt støy-nivå ved fasade utanfor rom for støyfølsam bruk (kl 23-07)
Bustad, sjukehus, pleieinstitusjonar, hytteområde, skular, barnehagar og rekreasjonsområde	53 dB	48 dB	40 dB	60 dB

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innafor vanleg arbeidstid dvs. kl. 7<sup>00</sup> - 16<sup>00</sup> måndag til fredag.

Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 3 dB for støynivå ved mest støyutsett fasade alle dagar. Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdien for ekvivalentnivået med meir enn 10 dB.

Dokumentasjon på lydnivå skal følgje tilvising i "Støyhåndboka" TA-1827/2001 eller seinare utgåve.

**4.4 Lagring av medisin og kjemikaliar.** Medisin, insekticid og andre kjemikaliar skal lagrast slik at det ikkje er fare for spill eller søl til miljøet.

Lagringsstad må formast slik at evt. utslepp/spill/søl kan samlast opp, t.d. ved hjelp av oppsamlingstankar/kantar med tilstrekkeleg volum.

**4.5 Akutte utslepp.** Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal osb.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal brannvesenet varslast i samsvar med krav i varslingsforskrifta<sup>1</sup>. Fylkesmannen skal varslast så snart som råd.

**4.6 Eigarskifte.** Ved eigarskifte, inklusive ny eigar etter ein konkurs, må det gjevast melding om dette til fylkesmannen innan - 4 - fire veker. Det same gjeld ved namneending.

**4.7 Nedlegging, opphøyr, mellombels stans eller utsett oppstart.** Før lokaliteten blir forlate, pliktar den ansvarlege å rydde opp alt etterlate lausøyre, kasserte gjenstandar og anna avfall, syte for levering til godkjent mottak og såleis setje området i stand utan teikn til forsøpling eller etterlating av spesialavfall.

Dersom endra produksjon i samsvar med dette løyvet ikkje har starta opp innan 2 år etter ein konsesjon frå fiskeridirektoratet, må det sendast melding til fylkesmannen før ny produksjon kan starte. Fylkesmannen vil vurdere om det må søkjast om nytt utsleppsløyve.

## **5 Avfall og slam**

**5.1 Organisk produksjonsavfall.** Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt, m.m. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Død fisk skal takast forsvarleg hand om. Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Oppdrettsanlegget skal ha ein kriseplan for å handtere store mengder død fisk, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

Dumping av død fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

---

<sup>1</sup> "Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning.", Miljøverndepartementet 9.7.1992

Alt slam frå reinseanlegg m.m. skal transporterast til godkjent anlegg for mottak/ handsaming. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst moglege ulempe, lukt, m.m.

**5.2 Medisin og kjemikalrestar.** Unyttar restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

**5.3 Anna avfall.** Farleg avfall, samt emballasje, plast, papir, isopor, og anna produksjonsavfall som ikkje kjem inn under pkt. 5.1 og 5.2 skal mellomlagrast på forsvarleg måte, og leverast til godkjent avfallsmottak for slike avfallstypar. Verksemda må kunne dokumentere levert avfallsmengde delt på ulike typar.

## **6 Rapportering**

**6.1 Journalføring.** Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

- Fiskemengde
  - Tal individ
  - Tal produsert fisk siste år
  - Total mengd biomasse
- Fôrtype og fôrforbruk
- Mengd rømt fisk
- Mengd død fisk
- Avfallsmengder og disponeringsmåtar
- Bruk av:
  - Antibiotika, type og mengde
  - Insekticid, type og mengde
  - Andre kjemikal, type og mengde
- Mengd oppsamla slam frå reinseanlegg per år
  - Med antibiotika
  - Utan antibiotika
  - Mengd tørrstoff
  - Leveringsstad og disponeringsmåte

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vera tilgjengeleg ved kontroll.